



# Vedtekter for Hareid kyrkjegard

Jr. Lov av 7. juni 1996 nr. 32 om kirkegårder, kremasjon og gravferd  
(gravferdsloven) § 21.

Vedtekne av Hareid sokneråd den 15. juni 2000 under sak 35/00,  
og den 22. august 2000 under sak 45/00..  
Godkjent av Møre bispedøme den 1. august 2000.



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Hareid Sokn

## **§ 1 Fredingstid og festetid**

Fredningstid for graver er 20 år.

Festetida er 5 år.

## **§ 2 Feste av grav**

Når ei grav blir teken i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av. Dersom det er ønskje eller trong for fleire enn to graver, kan ein, dersom det er disponibel plass, reservere graver på eige gravfelt regulert for familiegravstader.

Når festetida er ute, kan festet fornyast for nye 20 år. Når det er gått 80 år etter siste gravlegging, kan feste ikkje fornyast utan særskilt samtykke frå soknerådet.

I god tid før festetida er ute, skal festaren varslast. Dersom festet ikkje er blitt fornya innan seks månader, fell gravstaden tilbake til kyrkjegarden.

Dersom festaren sitt samtykke til bruk av grav ikkje kan innhentast, kan kyrkjeverja ta avgjerd om gravlegging.

## **§ 3 Grav og gravminne**

Kyrkjegardsbeteninga vil sørge for at grava vert planert og tilsådd etter gravlegginga. Før gravminne vert sett opp, skal desse godkjennast av kyrkjeverja. I tida frå gravlegging til gravminne vert sett opp, kan ein sette opp eit merke med namnet til den døde på.

Når festetida er ute, og grava er fallen tilbake til kyrkjegarden, vil gravminnet bli fjerna og gjort til inkje, med mindre dei pårørande sjølve ønskjer å fjerne gravminnet. Soknerådet kan gjere vedtak om å bevare gravminne i einskilde høve, og plasseringa av dette.

## **§ 4 Plantefelt**

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt med same høgda som bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn gravminnet, men kan i alle høve vere opptil 60 cm bredt. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkanten på gravminnet. Det kan ikkje plantast vekstar som overstig høgda på gravminnet eller går ut over plantefeltet.

Det er ikkje høve til å nytte faste dekorgjenstandar, som liggande plater, blomsterurner, lykter eller liknande i plantefeltet. Lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk. Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein delt natursteinkant som fluktar med terrenget omkring.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

## **§ 5 Plantemateriale**

Plantar, kransar, og likande materiale som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal i det heile vere komposterbart.

## **§ 6 Stell av grav**

Ein kvar som er ansvarleg for frigrav eller gravfestar har rett og plikt til å stelle den grava han har ansvaret for. Plantefelt som ikkje vert stelt eller beplanta, skal tilsåast av den ansvarlege eller blir tilsådd av kyrkjegardsbetjeninga.

Soknerådet kan sørgje for planting og stell av grav mot betaling av årleg rekning.

## **§ 7 Gravlegat**

Det er ikkje høve til å opprette nye gravlegat ved Hareid kyrkjegard. Gjenverande avtalar inngått etter gamal ordning vidareførast so langt avsette midlar strekkjer til.



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Hareid Sokn